



Aukra kommune

# BARNEHAGEPLAN 2014 - 2017

## RÅDMANNEN



*Aukra – full av energi*

## **Innhald**

Samandrag	s. 3
Bakgrunn	s. 3
<b>1.0 Situasjonen i dag</b>	s. 5
1.1 Sentrale rammeføringar	s. 7
1.2 Kommunale mål/rammer	s. 8
1.3 Ansvar og roller	s. 9
1.4 Finansiering og ressursar	s. 9
1.5 Utbygging og rehabilitering	s. 10
1.6 Tilsette i barnehagane	s. 11
1.7 Nøgde brukarar	s. 13
<b>2.0 Høg kvalitet og likeverdig tilbod</b>	s. 13
2.1 Tilgang til kvalifisert personale	s. 14
<b>3.0 Overordna mål med tiltak og økonomiske konsekvensar</b>	s. 16
Nivå på kommunale barnehagetenester	s. 17
Samarbeid og samanheng mellom barnehage og skule	s. 18
Rekruttere og behalde nye tilsette	s. 18
Bygg og drift	s. 19
Aktuelle lenkar og referansar	s. 20

## Samandrag

Rådmannen har som mål at det skal vere **høg kvalitet** og **likeverdig tilbod** i Aukra sine barnehagar. Barnehageplanen vil legge grunnlaget for strategiar og mål for tiltak som skal styrke kvalitet og innhald i barnehagane i Aukra.

Når alle med lovfesta rett har plass, vert søkelyset i større grad retta mot innhald og kvalitet i barnehagane.

Barnehagen er ein viktig første del av barn sitt utdanningsløp. Foreldra har hovudansvar for barna si oppseding. Men barnehagen har også ansvar for å ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning.

I Aukra er det ei viss utfordring med å få tak i nok tilsette med pedagogisk utdanning.

For å sikre rekruttering og å behalde dyktige tilsette, samt sikre at alle barn uavhengig av barnehage eller avdeling får eit likeverdig tilbod, vil ein med denne planen søke å profesjonalisere arbeidet i barnehagen ved å utarbeide kommunale standardar for godt arbeid og oppfølging av tiltak:

- Opplæring og rettleiing av nye tilsette pedagogar i barnehagen og personell på dispensasjon i barnehagane
- Språkmiljø og språkutvikling
- Pedagogisk kvalitet
- Barnehagane sitt arbeid med rammeplanen – utarbeiding av årsplan
- Samarbeid og samanheng mellom barnehage og skule

Arbeidet vil ta utgangspunkt i *best practice*, *intern kompetanseutvikling* og *samarbeid over kommunegrensar*.

## Bakgrunn

### **Barnehagelova § 1. Formål:**

*Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.*

*Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.*

*Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.*

For barna har det pedagogiske tilbudet i barnehagen stor betydning – her og no, og for framtida.

Forskning frå nobelprisvinnar James Heckman viser at læring i småbarnsalderen aukar sjansen for at barnet gjer det godt på skulen. Det aukar også sjansen for at barnet fullfører vidaregåande skule, tek høgare utdanning, og deltek i arbeidslivet.

Ein viktig grunn til at tidleg læring gjev langsiktig positiv effekt er at læring er ein sjølfsterkande prosess. Heckman legg vekt på multiplikatoreffekten. Gode pedagogiske tiltak retta mot små barn sikrar at barnet lærar meir i førskulealderen. Tidleg innsats for utvikling og læring i småbarnsalderen gjev stor avkastning både for den enkelte og for samfunnet. Dette betyr at dess tidlegare ein sett inn pedagogiske tiltak, jo meir effektive og rimelege vil dei vere i eit langsiktig perspektiv.

Investeringar i barnehagar lønar seg for samfunnet og er eit godt velferdstiltak. OECD skriv i sin rapport *Starting Strong III* (2012) at:

*Stadig mer forskning viser at utdannings- og omsorgstilbud i tidlig barndom gir en rekke fordeler. For eksempel bedre trivsel og læringsutbytte som gir grunnlag for livslang læring; utjevning av sosiale forskjeller og reduksjon av fattigdom; økt sosial mobilitet mellom generasjonene; flere kvinner i jobb; høyere fødselstall; og bedre sosial og økonomisk utvikling for samfunnet.*

Dette stemmer med konklusjonane i Havnes og Mogstad sin norske studie *No Child left behind* (2009). Studien viser at deltaking i barnehage gjev positive effektar på utdanning og deltaking på arbeidsmarknaden, samt reduserer risiko for avhengighet av stønader i vaksen alder.

Om fordelane med barnehage skal kome barn, familiar og samfunnet til gode må tilbudet vere av god kvalitet. OECD anbefalar fem tiltak for å sikre god kvalitet i barnehagetilbodet:

- Fastsetje kvalitetsmål
- Utvikle og implementere planer og kvalitetsstandardar
- Sikre god kompetanse hos tilsette og et godt arbeidsmiljø i barnehagane
- Involvere familiar og nærsamfunn
- Satse på forskning og forbetra tilsyn og tilgang på data

Foreldre er i stor grad tilfreds med tilbudet, og barnehagane har godt omdømme blant folk flest. Sjølv om barnehagane i Aukra er gode, ser Rådmannen fleire moglegheiter for å betre tilbudet.

## 1.0 Situasjon i dag

I dag går størsteparten av Aukrabarna i barnehage før dei byrjar på skulen. Barnehagen har stor innverknad på barna si trivsel og er starten på utdanningsløpet. Grunnleggjande dugleikar som barna får i barnehagen har stor betydning her og no – og for deira framtid.

Om lag 170-180 barn går i kommunale barnehagar i Aukra. Barnehagane har ulik storleik, organisering og pedagogisk profil.

Vår 2014	Barnebo barnehage - Gossen	Bergetippen barnehage - Julsundet
Tal på barn	124	60
Dekningsgrad	100 %	100% + to utvida avdelingar
Forventa auka søknader i planperioden	14 fleire søknader i 2017 enn i 2014.	4 fleire søknader i 2017 enn 2014
Forventa auka søknader fram mot 2020	16 fleire søknader i 2020 enn i 2014	7 fleire søknader i 2020 enn 2014
Stillingsheimlar, styrarressurs	2	1,5
Stillingsheimlar, pedagogisk leiarar	9	5
Stillingsheimlar, assistentar	18	9
Stillingsheimel til merkantile oppgåver	0,5	0,25
Dispensasjonar	0	1
Pedagogisk plattform	Ja, sjå under	Ja, sjå under
Organisering	8/9 avdelingar på 2 hus	4 avdelingar på 2 hus
Budsjettramme 2014	Kr 17.652.430	Kr. 9.974.406

Privat aktør står for ein liten del av barnehagetilbodet med om lag 10-13 små barn.

Barnehagelova og rammeplanen slår fast at innhaldet i barnehagen skal byggje på eit *heilskapleg læringsyn*, der omsorg, leik, læring og danning er sentrale delar. I tillegg er bestemte fagområde viktige delar av læringsmiljøet i barnehagen.

**I planperioden vert det ei viktig målsetting å identifisere kommunale mål/standardar for pedagogisk kvalitet.**

Det vil likevel vere heilt fritt for den enkelte barnehage å velje metode.

### **Pedagogisk plattform Barnebo barnehage - *I møte med det kompetente barnet:***

Rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen, samt *Reggio Emilia* - filosofien sitt syn på barn og læring, er Barnebo sitt utgangspunkt for korleis barnet vert møtt kvar dag. Ein er glad i naturen, og sett farge på aktivitetar, tema og prosjekt. Barna er mykje ute, og stadig på tur i det flotte naturterrenget kring barnehagen.

*Omsorg, leik, læring og danning* spelar saman i eit heilskapleg syn på barn og barndom. Ei av primæroppgåvene er å gje barn omsorg. Omsorgsfulle relasjonar vert bygd ved å lytte til barnet, vere nær og vise vilje til innleving og samspel.

Leiken er ei grunnleggjande livs- og læringsform som barnet uttrykkjer seg gjennom. Den har stor eigenverdi for barnet her og no, og i barnehagen har den ein stor og viktig plass.

Å ta barnet på alvor og vise det respekt er sentralt i Barnebo sitt syn på barn, lytte til barna, sjå kva dei interesserar seg for og er nysgjerrige på – kva er magneten deira ? For så å inspirere dei til å utforske verda vidare og skape gode vilkår for læring og danning.

*Kunnskap er noe som vi ( barnet og jeg ) skaper sammen i dialog med alt som er rundt oss* (Lyttende Pedagogikk, Åberg og Taguchi ). I Reggio Emilia - filosofien sitt syn på barn og læringsprosessar er det avgjerande å ha fokus på alle dei 3 «pedagogene»:

BARNET : Er kompetent og nysgjerrig. Det kan, og vil medverke og lære.

VAKSNE : Lyttar og er medforskande. «*Pedagogers ansvar er å se og vise et våkent barn, et nysgjerrig og kompetent barn, med vilje og kraft til å lære om livet*» (Loris Malaguzzi, Reggio Emilia)

ROMMET : Rommet skal vere inspirerande, invitere til gode aktivitetar, og vere tilgjengeleg for barnet. Med overordna tema Glad i naturen – er uterommet like viktig som innerommet.

Vaksne på Barnebo er «mogleggjerarar». Kva barnet lærer, og korleis det skjer, er eit svar på dei moglegheitene barnet får. Kreative prosessar, skapande aktivitetar og prosjekt, med utgangspunkt i barna sin magnet, pregar det pedagogiske innhaldet.

IKT, fleirkulturell pedagogikk, språkstimuleringsarbeid og pedagogisk leiing er sentralt med tanke på barnet sin livslange læringsprosess, og er område ein treng å auke kompetansen innanfor.

For å følgje barna, undre seg saman med dei, og vere medforskarar, er pedagogisk dokumentasjon som metode nytta. Refleksjon kring dokumentasjon ( bilde/praksisforteljing), er sentralt for å utvide barna sitt perspektiv og erfaringar utifrå det dei ser og forstår. Slik tek dagane, prosjekta og aktivitetane nye vegar etter kvart som barn og vaksne søker kunnskap saman. Å stille spørsmål blir like viktig som å finne dei rette svara. Å lytte til barna skal gjere ein forskjell!

*Kva kan eit barn bli?* I ei heilskapleg tilnærming som tek arenaene for omsorg, leik, læring og danning på alvor, lyttar til barnet og skapar moglegheiter, kan ein tenkje seg innovative, undrande og kunnskapshungrige barn. Barn med god nok sjølvkjensle til å tørre å skape og utvikle, og med ønskje om å ta vare på det som er viktig for ei berekraftig utvikling inn i framtida.

### **Pedagogisk plattform Bergetippen barnehage – *det skapande barnet:***

Bergetippen barnehage ligg i eit flott område i Julsundet. Ein viktig del av det pedagogiske arbeidet er basert på aktivt friluftsliv, der ein har faste turdagar i nærområdet. Det er kort veg til sjøen, nøtteskogen, Astridhaugen og områda rundt Bergetippen. Ofte vert det laga til måltid

ute. Mange i personalet har Fiskesprellkurs, med vekt på mykje bruk av fisk og sjømat i barnehagen. Gjennom friluftsliv og sunt kosthald legg ein folkehelseperspektivet til grunn, med å tenke helse i alt ein gjer.

Bergetippen har ein tydeleg profil på *kultur* og *aktiv språksatsing*. Gjennom ei felles plan for Aukrabarnehagen, «Bli kjent med Aukra», brukar barnehagen lokal historie og nye og gamle kulturminne for å bli kjent med ulike kulturelle aktivitetar.

Å meistre språk og omgrep i tidleg alder er basis for læring på alle andre viktige område.

Barnehagen er første del av utdanningsløpet til barna, og forskning viser at det er klare samanhengar mellom 3-åringar sitt språk og meistring i vidaregåande skole. Gjennom bevisst og systematisk arbeid med barna sitt språk, vil barnehagen vere med og legge eit godt grunnlag for at barna gjennom god meistring av språk kan medverke og samhandle med andre. Bergetippen samarbeider med nynorsksenteret i Volda, der ein har arbeidd med å fremje språkmedvit, språk – og leseglede og medverknad gjennom barna si eiga tekstskaoping. Det er utvikla eit lokalt forankra språkprosjekt, med metodikk og materiell for å arbeide systematisk med ordforråd og omgrep. Prosjektet blir brukt som ein god metode i kombinasjon med ulike måtar å arbeide med språk på. Alle avdelingar brukar «Troll med ord» ein dag i veka, og ord og omgrep blir tekne med vidare i aktivitetar og kvardagssamtalar. Bergetippen gjennomførte vår 2013 eit utviklingsarbeid i IKT: Det skapande barnet – IKT i barnehagen. Utviklingsarbeidet tek utgangspunkt i språksatsinga i barnehagen. Dei eldste barna har gjennom året arbeidd med eigne teikningar og tekster, med grunnlag i «Troll med ord». Dette skal trykkast som bok, og barna skal bruke boka til å planlegge og produsere ein animasjonsfilm saman med prosjektleiar. Personalet skal også få IKT- opplæring på fleire område. Kompetansen barn og personale får gjennom utviklingsarbeidet vil bli ein del av Bergetippen sin pedagogiske profil vidare.

## 1.1 Sentrale rammer

Barnehagesektoren vert regulert av Lov om barnehagar (barnehagelova) med tilhøyrande forskrifter.

I barnehagelova §2 om barnehagen sitt innhald, står det mellom anna at barnehagane skal formidle verdiar og kultur, og at dei skal gje barna grunnleggjande kunnskapar og ferdigheter på sentrale og aktuelle område.

Barnehagelova med utfyllande forskrifter regulerer mellom anna krav til pedagogisk bemanning, moglegheit for dispensasjon frå utdanningskravet, sakshandsaming ved opptak, foreldrebetaling og tildeling av tilskott til private barnehagar.

Forskriften *Rammeplan for barnehagens innhald og oppgaver* beskriv barnehagen sitt samfunnsmandat og innhald. Rammeplanen gir styrar, pedagogiske leiarar og personalet ei forpliktande ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd. Den gir også informasjon til foreldre, eigar og tilsynsmynde.

Rammeplanen slår fast at barnehagens innhald skal byggje på eit heilskapleg læringssyn, der omsorg og leik, læring og danning er sentrale delar. Når det gjeld barnehagen sitt læringsmiljø vert det lagt vekt på sosial og språkleg kompetanse samt sju fagområde:

Kommunikasjon, språk og tekst  
Kropp, rørsle og helse  
Kunst, kultur og kreativitet  
Natur, miljø og teknikk  
Etikk, religion og filosofi  
Nærmiljø og samfunn  
Tal, rom og form

Ny revidert rammeplan kjem i 2016.

### **God helse**

Med bakgrunn i folkehelselova skal Aukra kommune systematisk styrke det som bidreg til god helse, og utjamne sosiale helseforskjellar.

Grunnlaget for god fysisk og psykisk helse vert lagt i tidlege barneår. Barnehagen skal bidra til at barna får kunnskap om menneskekroppen og gode kostvaner. Gode fysiske og psykososiale forhold i barnehagen er også viktig. Barnehagen skal fremje helse, trivsel og gode sosial og miljømessige tilhøve. Aktivitetar nedfelt i den enkelte barnehage sin årsplan skal sikre dette arbeidet. Årsplanen skal sikre utvikling og progresjon for både små og store barn i arbeidet med fagområda. Årsplanen er det aller viktigaste arbeidsreiskapen for barnehagen i arbeidet med det pedagogiske tilbodet. Ein vil i planperioden utarbeide ein kommunal mal for årsplanen.

I planen legg vi vekt på at god helse har klar samanheng med godt verbalt og ikkje-verbalt språk, samt grunnleggjande kunnskap og dugleikar innanfor ulike fagområde, som til dømes *kropp, rørsle og helse* og *tal, rom og form*. Utviklinga skjer gjennom daglege hendingar i samvær, leik og aktivitetar.

## **1.2 Kommunale mål/rammer**

Det som i dag dannar felles kommunale mål og rammer for Aukrabarnehagen er vedteke politisk. Rammene gjev viktige premisser for oppfølging av nasjonale mål og god lokal eigarstyring av barnehagen; Tilsyn, godkjenningar, retten til barnehageplass innafor barnehagelov og lokale vedtekter, samarbeid mellom skule og barnehage, forpliktelsar til privat barnehage og avtale om pedagogisk psykologiske teneste.

På kommunen si heimeside finn ein lokale og politiske føringar for barnehagedrifta, [www.aukra.kommune.no](http://www.aukra.kommune.no).

Viktige samarbeidspartar er med på å danne rammer for drifta; Foreldre, ppt, barnevern, helsestasjon, kulturskole og bibliotek.



I planperioden vil ein utvikle mål/standardar for god pedagogisk kvalitet.

Sidan Aukra kommune er ein liten kommune med eit godt, men lite kompetansemiljø, vil ein i større grad invitere til konkrete samarbeidsprosjekt med andre kommunar i Kunnskapsnett Romsdal.

Ut over dette har den enkelte barnehage egne mål for verksemda.

### **1.3 Ansvar og roller**

Barnehagemynde ved Rådmannen har ansvar for å sikre at barna får eit godt pedagogisk og trygt barnehagetilbod. Ein skal gjennom aktiv rettleiing, godkjenning og tilsyn sjå til at barnehagane i kommunen vert driven i tråd med dei krav som er stilt i barnehagelova med forskrifter. Rådmannen har mynde til å fatte vedtak etter barnehagelova og opplæringslova. Det kan vere vedtak om spesialpedagogisk hjelp, vedtak om tiltak for barn med nedsett funksjonsevne, vedtak om dispensasjonar frå utdanningskravet, eller vedtak om dispensasjon frå pedagognorma, eller vedtak om kommunalt tilskott til privat barnehage.

I tillegg har ein eit samarbeid med nabokommunar i høve til gjestebarn – avtalar og finansiering, samt utrekning. Samarbeidet med nabokommunar inkluderer ivaretaking av Aukra sine interesser innafor Aukra, Midsund og Molde PPT.

Oppgåver på vegne av barnehagemynde vert utført av pedagogisk rådgjevar.


Styrarane har heilskapleg ansvar for sine barnehagar; fagansvar, økonomiansvar og personalansvar. (Delegeringsreglementet for Aukra kommune)

Eigar av privat barnehage har det totale ansvaret for drift av sin barnehage.

### **1.4 Finansiering og ressursar**

I 2013 bruka Aukra kommune i underkant av 30 millionar kroner på barnehagedrift, der 1,7 million er tilskott til drift av private barnehage.

Kostra-tabellen under for 2013 syner finansiering av barnehagane samanlikna med andre kommunar, fylke og land.



Det er godt med ressursar i Aukrabarnehagen. I 2013 var det kr 183 249 i brutto driftsutgifter i barnehagen per barn i kommunal barnehage. For fylke og land utanom Oslo var driftsutgiftane per barn kr 20 000 lågare.

Frå 1. januar 2011 blei barnehagesektoren rammefinansiert. Kommunane fekk frå dette tidspunktet eit heilskapleg finansieringsansvar for barnehagesektoren, både kommunal og privat drift.

## 1.5 Utbygging og rehabilitering

### Gossen

Barnebo barnehage driv no 9 avdelingar på fire hus, 9 småbarn per avdelingane på Falkhytten og Furutun og 18 storbarn per avdeling på Aukratun og Riksfjord.

Hausten 2014 vert bygget på Falkhytten lagt ned. Den eine avdelinga der vert flytta til Riksfjord, den andre til Furutun.

Den 4. avdelinga på Furutun vert opna august 2014. Då er bygget ferdigstilt med 4 avdelingar for barn 1 – 3 år. Bygget har kapasitet til ei større barnegruppe på den 4. avdelinga.

Hausten 2014 vert ombyggingsarbeidet på Riksfjord starta. Målet er at bygget midlertidig skal romme alle storbarnavdelingane ved Barnebo fram til nytt bygg på Aukratun står ferdig.

Nybygget på Aukratun ligg inne i økonomiplana med midlar i 2017 og 2018.

Norconsult si befolkningsprognose frå 19.11.13, viser at det er 139 barn i alderen 1 – 5 år på Gossen. I 2030 viser prognosen at det vil vere 160 barn i alderen 1 – 5 år på Gossen, 21 barn fleire enn no.

I planlegginga av nybygget på Aukratun er det viktig at det vert lagt inn nok og fleksible romløyningar slik at Barnebo kan møte den forventa auka i søknader til barnehageplass mot 2020.

Den private barnehagen Trollmyra barnehage Aukra A/S driv ei avdeling med små barn. Trollmyra er ein viktig del av det totale barnehage tilbudet på Gossen.

### **Julsundet**

Bergetippen barnehage vert hausten 2014 utvida til fem avdelingar, to for storbarn og tre for småbarn. Alle avdelingane har ein pedagogisk leiar og to fagarbeidarstillingar.

Storbarnsavdelingane har 18 plassar og småbarnsavdelingane 9 plassar. Med utviding til fem avdelingar er likevel kapasiteten i Bergetippen lite auka. I 2013 hadde barnehagen utvida avdelingar for å gje plass til dei med rett på plass, med 63 barn i barnehagen. Rammene for fem avdelingar gir framleis berre plass til 63 barn.

Norconsult si befolkningsprognose frå 19.11.13, viser at det er 77 barn i alderen 1-5 år i Julsundet. Nokre barn har plass i barnehagar i nabokommunar.

Prognosen viser at det i 2030 er 94 barn i alderen 1-5 år, altså 17 barn meir enn i 2013.

Dei tre nye avdelingane i Bergetippen barnehage har i dag litt ekstra kapasitet å gå på i areal. Det vil seie at ein lett kan auke tal på tilsette og utvide gruppene. På den måten har ein noko fleksibilitet i kapasitet ei tid framover.

På sikt er det likevel slik at det må vere eit anna barnehage tilbud i Julsundet ut over den kapasiteten som det er ved nye Bergetippen barnehage. I Torhaugmyra bustadområde er det sett av tomteareal til barnehage. På dette arealet kan kommunen sjølv bygge ny barnehage, eller privat aktør kan få tilbod om å bygge ut. Kapasiteten på barnehage tilbudet i Julsundet vert også påverka av om private aktørar vil satse på barnehageutbygging i nærområdet, til eksempel i Fræna kommune. Det viser seg at det er krevjande for Fræna kommune å tilby nok plassar i området, og Mordalstua i Molde kommune har også fylt opp sin kapasitet. Det kan vere naturleg at Aukra, Molde og Fræna saman kan sjå på barnehagekapasitet og framtidige behov, slik at ein får avklart kvar dei ulike kommunane står og kva ein eventuelt ser ein kan samarbeide om for å møte behovet for barnehageplassar i åra framover.

## **1.6 Tilsette i barnehagane**

Ein barnehage er ei pedagogisk verksemd, og utdanna personale skal sikre barna omsorg, trygge rammer, og utvikling innan ei rekke områder.

Eit kompetent personale med relevant utdanning er den beste garantien for eit godt barnehage tilbud. Barnehageeigar har ansvar for at det er tilstrekkeleg pedagogisk bemanning i barnehagen for å drive ei tilfredsstillande pedagogisk verksemd.

### Styrar skal

- Følgje opp det pedagogiske arbeidet
- Sikre utvikling av personalet sin kompetanse
- Leggje til rette for eit godt samarbeid med føresette
- Sikre eit godt arbeidsmiljø for dei tilsette
- Samarbeide med og henvise til hjelpeinstansar om naudsynt
- Tilretteleggje for eit godt samarbeid og ein god samanheng mellom barnehage og skule
- Samhandle med kommunen som kommunal barnehagemynde

### Pedagogisk leiar har heilskapleg ansvar for

- Planlegging og vurdering
- Dagleg omsorg for det enkelte barnet
- Utvikling av det sosiale miljøet og lærings- og danningmiljøet i barnegruppa
- Samarbeide med barna sine foreldre
- Rettleiing overfor fagarbeidarar/assistentar

I samarbeid med barnehagen sin styrar vil ein pedagogisk leiar ha oppgåver med å utvikle barnehagen som pedagogisk verksemd og barnehagen sitt samarbeid med andre tenester.

### Nasjonal bemanningsnorm

I tråd med forskrift om pedagogisk bemanning skal det minimum vere ein pedagogisk leiar per 18 barn over tre år og ein pedagogisk leiar per 9 barn under tre år. Pedagognormen er ikkje ein norm for gruppestorleik, men kan vere oppfylt for barnehagen som heilheit.

Aukra kommune har eigen kommunal standard for pedagogisk bemanning som er betre enn den nasjonale, jf. vedtak i Aukra kommunestyre sak 66/11 – *Kostnadsreduksjonsprosesser i skolar og barnehagar, m.v.* Den kommunale standarden inneber at pedagogisk leiarar (og assistentar) for små barn kan ha barn, som er store etter definisjon i barnehagelova, i si barnegruppe. Små barn opptek 2 plassar i barnehagen, medan eit stort barn opptek 1 plass.

Kostra-tabellen for 2013 syner at under 30% av dei tilsette i barnehagane er utdanna pedagogar. Dette er lite i høve til dei vi samanliknar oss med, og i høve til ambisjonar om å ha høgare pedagogtettleik.

Om lag 70% av dei tilsette i Aukrabarnehagen er assistentar/fagarbeidarar. Assistentane og fagarbeidarane sine viktigaste arbeidsoppgåver er arbeid i barnegrupper. Dei står for mykje av oppfølginga og kontakten med barna. Mange assistentar har lang erfaring og er svært dyktige.

## 1.7 Nøgde brukarar

Tett samarbeid med barnehage og heim er viktig. Barnehagen skal leggje til rette for at føresette får moglegheit til å påverke tilbodet.

Barnehagen må vise i praksis at foreldra sine bidrag er viktig for barna sin trivsel og utvikling ved å bruke deira innspel i planlegginga av kvaliteten på miljøet.

I møte med foreldra skal dei tilsette vise respekt og interesse:

- Ha ein god kvardagskommunikasjon med låg terskel for spørsmål.
- Idé-dugnader. Bruke foreldra som ressurspersonar i aktivitetar og prosjekt.
- Vere tilgjengelege og lytte til innspel og ønskjer.
- Jobbe for gjensidig tillit og respekt.
- Ta alle tilbakemeldingar på alvor.
- Samtale ved bringing og henting.
- Dagtavle i garderobane / Bilete frå dagen i dag på skjerm.
- Månadsdokumentasjon kvar månad.
- Årsplan og Bli kjent-hefte.
- Diverse informasjonsskriv sendt ut på e-post og tilgjengeleg på nettsida.
- Foreldresamtalar, bli kjent-samtale.
- Foreldremøter, temamøter og ide-dugnader.
- FAU ( foreldreråd ) og SAMU (samarbeidsutvalget)

Tilbakemeldingane på korleis foreldra opplever kvaliteten på barnehagetilbodet er viktig. Dei signala og tilbakemeldingane som foreldre gjev i den daglege kontakten er den viktigaste. I tillegg har vi brukarundersøking annakvart år.

## 2.0 Høg kvalitet og likeverdig tilbod

Det er lite forskning på innhaldet i barnehagen i høve til skulen. Forskinga på skule viser til at det gjerne er større forskjell på kvalitet innad i skulen, enn mellom skulane.

For å sikre best mogleg kvalitet og likeverdig tilbod i Aukrabarnehagen vil ein i denne planperioden utarbeide gode kommunale standardar i høve til:

- Rettleiing av nyttilsette pedagogar i barnehagen og personell på dispensasjon i barnehagane
- Kommunal mal for årsplan
- Språkmiljø og språkutvikling, utvikle standard for godt språkmiljø i barnehagen, og standard for systematisk oppfølging av barn si språkutvikling
- Samarbeid og samanheng mellom barnehage og skule
- God pedagogisk kvalitet i Aukrabarnehagen

Etter kvart som arbeidet på kvart område vert slutført og politisk handsama, vil kvar av barnehagane orientere politisk om oppfølging og arbeid når dei har gjort seg erfaringar over eit år.

Alle tiltak passar godt inn Kunnskapsdepartementet sin nye strategi for kompetanseutvikling, *Kompetanse for framtidens barnehage, strategi for kompetanse og rekruttering 2014-2020*.

Den kommunale barnehageplanen varetek alle dei tematiske satsingsområda i strategien; *pedagogisk leiing – barnehagen som lærande organisasjon, danning og kulturelt mangfald, eit godt språkmiljø for alle barn, barn med særskilte behov*.

Av kompetanseutviklingstiltak i strategien, vil den kommunale planen spesielt ha fokus på *barnehagefagleg grunnkompetanse og barnehagebaserte kompetanseutviklingstiltak*.

I tillegg vil barnehagane ha tilsette på utdanning som barnehagelærar, eller som fagarbeidar, samt 1 styrar som tek leiarutdanning for styrarar.

## **2.1 Tilgang til kvalifisert personale**


Dei tilsette sin kompetanse er den viktigaste enkeltfaktoren for at barn skal trivast og utvikle seg i barnehagen. Dette er eit hovudfunn i den internasjonale forskingslitteraturen om barnehagekvalitet. Fleire offentlege utgreiingar og stortingsmeldingar har slått fast det same. Personalet sin kompetanse er avgjerande for å nå målet om at barnehagen skal bidra til tidleg innsats og sosial utjamning.

Sidan kompetansen til dei tilsette er den enkeltfaktoren som har størst betydning for kvaliteten i barnehagetilbodet, er mangelen på pedagogisk kompetanse i barnehagane ei stor utfordring.

Det er til saman 14 stillingsheimlar for pedagogiske leiarar i dei kommunale barnehagane. Dei skal sikre kvaliteten på det pedagogiske arbeidet og saman med styrar realisere måla i rammeplanen. Det er likevel sjeldan 14 førskulelærarar tilgjengeleg for å dekke opp behovet for pedagogiske leiarar. Dermed vert barnegrupper kvart år leia av assistentar/fagarbeidarar på dispensasjon som pedagogiske leiarar.

KOSTRA-tabellen under for 2013 syner at kommunen over år har mindre pedagogisk kompetanse i barnehagane enn snitt for fylke og land. Del på tilsette med førskulelærarutdanning er under 30 prosent. Dette er eit tankekors ut i frå at forskarmiljø hevdar at andelen bør vere femti prosent for å sikre barnehagen som *pedagogisk verksemd*.

C1 Barnehage Diagram I: Kompetanse (alle barnehager)



Årsmeldingane til barnehagane viser også at det kvart år er tilsette på dispensasjon som pedagogisk leiar, jf. [www.basil.no](http://www.basil.no).

### 3.0 Overordna mål med tiltak

#### *Mål for kommunal barnehagedrift*

**Det skal vere høg kvalitet og likeverdig tilbod i Aukra sine barnehagar**

#### *Overordna mål innan satsingsområda*

<b>Nivå på kommunale barnehagetenester</b>	<b>Samarbeid og samanheng mellom barnehage og skule</b>	<b>Rekruttere og behalde tilsette</b>	<b>Bygg og drift</b>
Barnehagebarna og foreldra skal oppleve god kvalitet på det pedagogiske tilbodet	Barnehagebarna og foreldra skal oppleve ein meiningfull samanheng i utdanningsløpet – det siste året i barnehagen og det første året på skulen	Dei tilsette er kompetente, trygge og stolte medarbeidarar	Barnehagebygga har fleksibilitet og høg standard for framtida



## Nivå på kommunale barnehagetenester

### Overordna mål:

Barnehagebarna og foreldra skal oppleve god kvalitet på det pedagogiske tilbudet

Slik vil vi ha det!	Slik gjer vi det!
<p><b>Barnehagelova sitt krav om pedagogisk innhald vert fylgt opp, dokumentert og vurdert</b></p>	<p>Sikre at årsplanane</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Inneheld mål frå lov om barnehagar og rammeplan</li> <li>- Inneheld kommunen sine mål og satsingar</li> <li>- Inneheld den enkelte barnehage sine mål og satsingar</li> <li>- Tydleggjer progresjon</li> <li>- Bidreg til god dialog med føresette</li> <li>- Gjev rom for barnehagane sine eigne profilar og tilbod</li> <li>- Bidreg til enklare, betre styring og tilsyn med barnehagane</li> </ul>
<p><b>Alle barn i barnehagen har god språkutvikling</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Utarbeide standard for godt språkmiljø i barnehagen</li> <li>- Systematisk følgje opp barna si språkutvikling</li> </ul>
<p><b>Kommunen har standardar for god pedagogisk kvalitet</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Utarbeide rettleiar om standardar for god pedagogisk kvalitet</li> </ul>
<p><b>Det er fleire pedagogar tilsett i barnehagen enn minimumskravet i barnehagelova</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Arbeide for å omdanne fagarbeidarstillingar til pedagogstillingar</li> </ul>
<p><b>Kommunen tilbyr barnehageplass ut over lovfesta rett</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Ein kommunal standard for supplerande opptak vert utarbeidd. Vedtektene vert revidert</li> </ul>

## Samarbeid og samanheng mellom skule og barnehage

### Overordna mål:

Barnehagebarna og foreldra skal oppleve ein meningsfull samanheng i utdanningsløpet – det siste året i barnehagen og det første året på skulen

Slik vil vi ha det!	Slik gjer vi det!
Det er gode rutinar for samarbeid mellom barnehagar og skular	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Reviderer <i>Plan for overgang mellom barnehage og skole</i>, Livsløpsutvalet sak 9/09*</li> <li>- Eit <i>Oppvekstsenter</i> vert vurdert i Julsundet</li> </ul>

\*planen er noko revidert sidan 2009.

## Rekruttere og behalde tilsette

### Overordna mål:

Dei tilsette er kompetente, trygge og stolte medarbeidarar

Slik vil vi ha det!	Slik gjer vi det!
Nye tilsette pedagogar held fram i jobben	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Utviklar eit program som sikrar opplæring og rettleiing</li> </ul>
Assistentar på dispensasjon frå utdanningskravet har kompetanse til pedagogisk å leie barnegrupper	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Utviklar eit program som sikrar opplæring og rettleiing</li> </ul>
Strategisk plan ligg til grunn for kompetanseutvikling	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Utviklar ein plan for kompetanseutvikling</li> <li>- Legg til rette for at tilsette tek barnehagelærerutdanning. Tre tilsette gjennomfører/er i gang med barnehagelærerutdanning i planperioden.</li> </ul>

## Bygg og drift

### Overordna mål:

Barnehagebygga har fleksibilitet og høg standard for framtida

Slik vil vi ha det!	Slik gjer vi det!				
Det er nok areal til å bygge barnehage i framtida	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Sett av areal i arealdelen av kommunedelplanen til evt. privat aktør på Julsundet og Gossen</li> </ul>				
Det er kapasitet for alle barn som søker opptak i barnehage	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Sett av kapital for investeringar i <i>Økonomiplan 2014-2017</i>:               <table data-bbox="756 779 1161 855"> <tr> <td>Barnebo</td> <td>kr 27 000 000</td> </tr> <tr> <td>Bergetippen</td> <td>kr 5 000 000</td> </tr> </table> </li> </ul>	Barnebo	kr 27 000 000	Bergetippen	kr 5 000 000
Barnebo	kr 27 000 000				
Bergetippen	kr 5 000 000				

## Aktuelle lenkar og referansar:

Lov om barnehage  
 Lov om folkehelsearbeid

Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver

Kommunale vedtak:

- *Plan for overgang mellom barnehage og skole*, Livsløpsutvalet sak 9/09
- *Prosedyrer for godkjenning av barnehagar*, Livsløpsutvalet, sak 43/13
- *Plan og retningslinjer for tilsyn med barnehagane i Aukra kommune 2010-2016*, Livsløpsutvalet, sak 4/10.
- *Barnehageopptak 2013-2014*, Livsløpsutvalet 44/13
- *Forslag om reviderte kommunale vedtekter i Aukrabarnehagen*, Aukra kommunestyre sak 105/12
- *Samarbeidsavtale og tilskotsordning mellom kommunen og ikkje –kommunale barnehagar, samt søknad frå Trollmyra barnehage Aukra A/S om ekstra tilskot for 2011*, Formannskapet sak 67/11
- *Orientering om kommunen sitt ansvar i samband med retten til barnehageplass*, Aukra kommunestyre.
- *Revidert avtale med ppt Molde*, Aukra kommunestyre sak 73/09
- *Forankring av Kunnskapsnett Romsdal i deltakarkommunane*, Aukra kommunestyre sak 25/13

Barnehagane sine årsplaner

OECD (2012) *Starting Strong III*

SSB/KOSTRA-statistikk

Stortingsmelding nr. 24 (2012/2013)	<i>Framtidens barnehage</i>
Stortingsmelding nr. 41 (2008-2009)	<i>Kvalitet i barnehagen</i>
Stortingsmelding nr. 31 (2007-2008)	<i>Kvalitet i skolen</i>
Stortingsmelding nr. 16 (2006-2007)	<i>...og ingen stod igjen. Tidlig innsats for livslang læring</i>
Stortingsmelding nr. 27 (1999-2000)	<i>Barnehage til beste for barn og foreldre</i>

NOU 2012:1	<i>Til barnas beste</i>
NOU 2010:8	<i>Med forskertrang og lekelyst</i>

Fordelingsutvalget (2009)

James J. Heckman m.fl. (2004)	<i>The Productivity Argument for Investing in Young Children</i> Working Paper 5, Invest in Kids Working Group
-------------------------------	---

Tarjei Havnes og Magne Mogstad (2009)	<i>No Child Left Behind: Universal Child Care and Children's Long-Run Outcomes</i>
---------------------------------------	--